

# Namneprojekt Oppland *Trond-Ole Haug*

Namneprojekt Oppland var eit fylkeskommunalt prosjekt som gjekk frå 1988-1990. Underteikna var prosjektleiar i halv stilling desse tre åra.

Målet for prosjektet var å få sett i gang innsamling av stadnamn i kommunane. Prosjektet hadde ei svært kompetent styringsgruppe – med fylkeskonservator Arnfinn Engen, Torleif Alderslyst frå fylkeskartkontoret i Oppland, Anne-Lise Svendsen (Samnemnda for musea i Oppland), Tom Schmitt (Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo), Anita Smestad (Samarbeidsrådet for historielaga i Oppland) og underteikna (Embetseksamen med Nordisk hovudfag og hovudfagsoppgåve i «Stadnamn frå Vågå»).

Prosjektleiaren og Tom Schmidt frå Institutt for namnegransking ved Universitetet i Oslo hadde kurs i 18 kommunar. Kurset gjekk over to kveldar – med nokre veker mellomrom. I tillegg var det igangsett og fullførte innsamlingar av stadnamn i Lillehammer og Gjøvik tidlegare.

I Vågå fekk Kari O. Storvik oppdraget med å fullføre namnprosjektet i Vågå – etter at svært mange var med på sjølve innsamlingsarbeidet.

## Stadnamn

---

### A Kva er eit stadnamn?

→ Definisjon: Eit stadnamn er eit språkleg uttrykk som utløyser forestillinga om ein bestemt stad innan eit større eller mindre språkbruksmiljø.

→ Meir folkeleg:

Eit stadnamn fortel kva eit område – større eller mindre – heiter.

Namn på kart: berre dei ”store” namna.

- Praktisk funksjon, nemleg å skilje lokalitetar frå kvarandre, på tilsvarande måte som personnamna.
- Stadnamn er individualiserande og beskrivande
- Dei fortel gjerne korleis ein lokalitet ser ut

### B Kvifor er stadnamn interessante? Kva fortel stadnamn?

→ Kulturhistorisk kjelde:

- Kunnskap om farne tider; ku
- Korleis forfedrane livnærte seg / Menneskeleg verksemd / Arbeidsliv
- Bruksendringar
- Tru og forestillingsverd
- Lokalhistorie

→ Språkhistorisk kilde:

- Det eldste språkstoffet
- Språket i endring. Ord og ordformer blir borte. Disse er ofte bevart i stadnamn.

→ Naturhistorie:

- vegetasjon og vekster
- dyreliv
- terrengformasjoner

## C Inndeling av stadnamn i ulike grupper

→ **Naturnamn** – navn på naturlege formasjoner, for eksempel elvenamn, innsjønamn, fjellnamn etc.)

→ **Kulturnamn** – navn på lokaliteter med far etter menneskeleg verksemd, t.d. gards- og bruksnamn, busetjing, teignamn, navn på vegar og stigar, ferdsel, fangst, fiske etc.

## D Namnetolking

- Føre namn attende til eit eldre språksteg → gamalnorsk
  - Dialekta med genuin lokaluttale
  - Gamalnorsk og urnordisk
  - Eldre skriveformer på gamle kart, i diplomar og andre historiske kjelder, matrikkel etc.
  - Folkeetymologiske forklaringar
- Korleis det ser ut på staden og kunnskap om lokaliteten bør alltid vera rettesnora.

## E Eksempel på namn:

**Vågå**                    norr. vega=føre, transportere  
Vagi - Vaga  
= «ferdeselsveg»

**Otta**                    norr. Otti = redsel, ottast = vera redd, frykte  
= «den skræmde elva»  
elv > stasjonsby > regionsenter

**Heimfjellet**        → Fjellet nærast bygda, ”heime”, bortover til Randsverk.  
Jf. heimsæter, Heimrandin.

**Grytosen** < norr grjot = stein. Truleg frå \*Gryta  
**Bessa** < norr bersi = hannbjørn. Dyrenemning, = ”bjørneelva”

**ELVENAMN** – *Namn på elver, åer, bekkar.*  
Ofte individualiserande og karakteriserande.  
Usamansette elvenamn – av dei aller eldste namna

Eitra ”den eitrande kalde”

Lauva ”den med lauvskog langs elvefaret”

Røta < rot

Grytosen < norr grjot = stein. Truleg frå \*Gryta

Bessa < norr bersi = hannbjørn. Dyrenemning, = ”bjørneelva”

Hinde < hind = hohjort

Varga Jf. Vargebakkein < varg = ulv

E Eksempel på stadnamn-tydingar

F Litteratur om stadnamn:

- \* Oluf Rygh: Norske Gaardnavne, bind IV, 1 (Oppland)
- \* Lars Ekre: Stadnamn frå Midt-Jotunheimen og tilgrensande bygder
- \* Jørn Sandnes og Ola Stemshaug: Norsk Stadnamnleksikon
- \* Norske stadnamn/stedsnavn (artikkelsamling)
- \* Ymse skrifter/litteratur utgjeve av lokale historielag, mållag etc.
- \* Innsamla namnemateriale i dei enkelte kommunar / «Namneprosjekt Oppland»

- \* **Artiklar i Årbok for Gudbrandsdalen**
- \* **Hovudoppgåver av studentar ved universiteta**
- \* Trond-Ole Haug: Hovudfagsoppgåve og diverse artiklar om stadnamn (GLT)

## Vågåmålet

*Nokre viktige særtrekk:*

- Jamvektsord bevara (vågå), likeins einstavingsord med stutt vokal+ stutt konsonant (Sel).
- Etterleddstrykk
- Kasusspråk
- Konjunktiv
- Bøying av talordet to → *tvo-tvæ-tvau*